

Vil du vera med å sikra reint vatn i Stord kommune? Stord Vatn og Avløp AS er eit kommunalt eigd aksjeselskap med ansvar for drift og utvikling av vass- og avløpsinfrastruktur i Stord kommune. Me er ein viktig aktør i arbeidet med å sikre berekraftig utvikling og trygg vassforsyning for innbyggjarane.

Stord Vatn og Avløp AS har 32 tilsette som jobbar saman i eit sterkt fagmiljø og tilbyr interessante og varierte arbeidsoppgåver i eit godt arbeidsmiljø. Me har tett samarbeid med rådgjevarar og entreprenørar for å sikre eit trygt VA-anlegg.

Kontrollør

For å møta desse utfordringane dei kommande åra treng Stord Vatn og Avløp AS ein kontrollør innan forvaltning og kontroll. Er du den me ser etter?

Utdanning og erfaring:

- Fagbrev innan sanitærrørleggjar, anleggsrørleggjar eller høgare utdanning
- Lang erfaring kan kompensere for manglande formell utdanning
- ADK1
- IKT-verktøy
- Gode norskkunnskapar- både munnleg og skrifteleg
- Førarkort klasse B

Arbeidsoppgåver:

- Kontrollere og følgje opp eksterne og eigne VA-anlegg i utbyggingsfasen
- Ta del i godkjenninga av VA-planar, og kontroll av sluttdokumentasjon. Rettleia VA-bransjen om krav til private og kommunale VA-anlegg
- Handsame søknad om sanitærmelding
- Påvise VA-leidningar
- Innmåling av VA-anlegg

Eigenskapar:

- Positiv og inkluderande
- Gode kommunikasjonseigenskapar, og vera imøtekommande
- Villig til å gjennomføra eventuell nødvendig opplæring
- Resultatorientert og strukturert
- Løysingsorientert
- Kan arbeida sjølvstendig og saman med andre

Me tilbyr

- Moglegheit for å bidra til viktig samfunnsnyttig utvikling av framtidas infrastruktur
- Spannande og utfordrande arbeidsoppgåver
- Moglegheiter for fagleg utvikling og kompetanseheving
- Godt og inkluderande arbeidsmiljø
- Fleksibel arbeidstid
- Gode pensjons- og forsikringsordningar

Det vil etter søknadsfristens utløp utarbeidast ein offentleg søkarliste.

Dersom søkjar ynskjer å verta unnateke frå offentleg søkarliste, må det grunngjevast. Opplysningar om søkjaren kan bli offentleggjort, sjølv om søkjar har bedt om ikkje å verta oppført på søkarlista. Søkjar vert varsla dersom ynskje om reservasjon ikkje vert teke til fylgje.

Søknadsfrist: 12.10.25

Nærare opplysingar hos avdelingsleiar Kathrin Lønbø , 975 52 022

Søknad og CV skal sendast til post@stordva.no